




Statens vegvesen

Austevoll kommune
5392 STOREBØ



Behandlande eining:
Region vest
Vegavdeling Hordaland

Sakshandsamar/innvalsnr:
Remy Rune Furevik - 55516378

Vår referanse:
2015/073184-001

Dykkar referanse:

Vår dato:
11.06.2015

Fv. 546 i Austevoll kommune, Høyringsbrev - Forslag om særskilt fartsgrense - Storebø

Statens vegvesen har teke ein ny vurdering av trafikksikkerheita omkring Storebø sentrum i Austevoll kommune.

Ovannemnt strekning, 0,5 km, går gjennom eit sentrumprega område med mange avkøyrslar. Den totale vegbreidda varierer mellom 6- og 6,5 meter, og eit relativt godt etablert langsgåande tilbod i form av fortau for dei mjuke trafikantane. ÅDT er registrert til og vere 2900 køyretøy og det er ikkje registrert nokre ulykker med personskade dei siste 8 åra.

Statens vegvesen har vurdert strekninga opp i mot kriteria for fartsgrensar i byar og tettstader, og har lagt avgjerande vekt på området karakter som eit sentrumsområde.

Kryssingsaktiviteten i fotgjengarfeltet ved Rema 1000 er også mykje nytta, der 35 av 68 kryssande er barn under 16 år. Vegen gjeng i eit bustadområde med stor aktivitet blant gåande/syklende med tilhøyrande varierende standard på det langsgåande tilbodet. Jfr. NA – rundskriv 05/17 er da anbefalt fartsgrense 40 km/t. Gevinsten ved å halde eit lågt fartsnivå i dette området er at dei mjuke trafikantane samt bilistane får betre tid til orientering, noko som også bidrar til å betre trafikktryggleik.

Statens vegvesen vil difor fremje følgjande forslag om særskilt fartsgrense med referanse til vårt vegnettsregister:

Fv. 546: 40 km/t frå hp. 06 – km. 3,540, til hp. 07 – km. 0,077

Sjå skiltplan L001 som ligg vedlagt.

Saman med dette forslaget vil det også vere fornuftig å skilte fylkesveg 152 med same fartsgrense.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Statens vegvesen vil difor fremje følgjande forslag om særskilt fartsgrense med referanse til vårt vegnettsregistar:

Fv. 152: 40 km/t frå hp. 01 – km. 0,000, til hp. 01 – km. 0,388

Sjå skiltplan L001 som ligg vedlagt.

Forslaget til fartsgrensereduksjon skal jfr. vedlagt plan, sjåast i samanheng med fysiske fartsdempande tiltak.


I samsvar med skiltforskrifta § 26, nr. 1, andre og tredje ledd, ber vi om Hordaland politidistrikt og Austevoll kommune sine fråsegn. Me ber om fråsegn så snart som mogleg som seinast innan 15.08.2015.

I samsvar med føresetnadene i NA – rundskriv 2011/7 sendast kopi av dette høyringsbrev til samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Sindre Lillebø

1 vedlegg

Kopi: Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga, postboks 7900, 5807 BERGEN